



HELSE VEST IKT

ÅRSREKNESKAP 2013



Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01.11.2004. Helse Vest IKT AS er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Helse Vest IKT AS er leverandør av utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.






Helse Vest IKT AS skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysningar. Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.



Ibsens gate 104
5052 BERGEN

Telefon: 55 97 65 00
Telefaks: 55 97 65 50

E-post: postmottak@helse-vest-ikt.no
Web: www.helse-vest-ikt.no

-  341 tilsette
-  Omsetning i 2013 på 681 mill. kr.
-  Kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord
-  Drift og forvaltning av 800 system med tilhøyrande infrastruktur
-  Leverer IKT-tenester til 38.000 brukarar, 17.425 PC-ar på 140 lokasjonar



Innhold

Visjon og Forretningsidé	2
Styringsbodskap og mål	3
Organisasjonskart	4
Årsberetning	5
Resultatrekneskap 2013	8
Balanserekneskap 2013	9
Kontantstrømoppstilling 2013	11
Notar	12
Melding frå revisor	21



Visjon og forretningsidé

Visjon

Helse Vest IKT AS har fylgjande visjon:

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlninga.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS har fylgjande forretningsidé:

- ♦ **Helse Vest IKT AS skal være leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetenesta i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.**
- ♦ **Helse Vest IKT AS skal være den føretrekte IKT-leverandør basert på kosteffektivitet, kvalitet, nærleik, bransjekunnskap og brei erfaring.**
- ♦ **Helse Vest IKT AS skal bidra til å betre helsetenesta ved innovativ bruk av IKT.**
- ♦ **Helse Vest IKT AS skal bidra til at løysningar blir anskaffa, innført og forvalta i tråd med brukarane sine behov og føretaksgruppa sine strategiske mål.**
- ♦ **Helse Vest IKT AS skal levere IKT-tenester som alltid er tilgjengelig for kundane ved behov.**

Styringsbodskap og mål

Styringsbodskap

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Overordna målsetjingar

Helse Vest IKT har ein todelt funksjon. Selskapet skal 1) produsere IKT-tenester og 2) bidra til innovativ bruk av IKT i helseføretaka.


Produsere IKT-tenester

- Helse Vest IKT skal gjennom proaktiv overvaking og god beredskap sørge for stabil drift av infrastruktur og løysingar.
- Helse Vest IKT skal sørge for einskapleg og kosteffektiv produksjon av IKT-tenestene.
- Helse Vest IKT skal sørge for å redusere ressursbruken og auke kvaliteten ved å standardisere og kontinuerleg forbetre infrastrukturen, løysingane og prosessane som bidreg til at IKT-tenestene blir leverte.
- Helse Vest IKT skal samordne og integrere løysingar for å sikre at nødvendig informasjon om pasienten følgjer pasienten gjennom pasientforløpa både lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Helse Vest IKT skal i rolla som databehandlar sjå til at den tekniske IKT-tryggleiken er innanfor eit akseptabelt risikonivå, slik at tilgangen til, konfidensialiteten for og integriteten av informasjon blir sikra.

Bidra til innovativ bruk av IKT

- Helse Vest IKT skal bidra til å forenkle pasientbehandlinga i brei forstand og gi høve til gevinstrealisering ved innovativ bruk av teknologi og løysingar.
- Helse Vest IKT skal bidra til kontinuerleg utvikling i bruken av IKT gjennom å leggje til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og relevante leverandørar.
- Helse Vest IKT skal bidra til at verksemdsarkitektur blir etablert og forvalta i Helse Vest for å understøtte strategiane til føretaksgruppa.
- Helse Vest IKT skal forvalte, forenkle og utvikle teknologi- og applikasjonsarkitekturen for å understøtte arbeidsprosessar og pasientflyt.
- Helse Vest IKT skal støtte moderne arbeidsflater som byggjer opp om arbeidsprosessane på ein fleksibel og mobil måte.
- Helse Vest IKT skal bidra til å bruke om att IKT-erfaringar og kompetanse i verksemdene og utveksle erfaringar og kompetanse mellom verksemdene.
- Helse Vest IKT skal bidra til å sikre endå betre vedtaksgrunnlag i forkant av større teknologiinvesteringar eller ved investeringar der teknologi spelar ei vesentleg rolle.
- Helse Vest IKT skal ha kompetanse innanfor porteføljestyling og program-, prosjekt- og testleing for bruk ved gjennomføring av prosjektporteføljen til Helse Vest.

Organisasjonskart





Årsberetning

ÅRSBERETNING FOR HELSE VEST IKT AS FOR 2013

Helse Vest IKT AS vart etablert som eige aksjeselskap 01.11.2004. Helse Vest IKT er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest. Selskapet er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF. Selskapet er etablert med kontor i Bergen, Stavanger, Haugesund og Førde.

Helse Vest IKT har ein to-delt funksjon, der den eine funksjonen er *produksjonen av IKT tenester* og den andre er meir *utviklingsprega* bidrag til innovativ bruk av IKT i helseføretaka. Helse Vest IKT har ansvar for *IKT-tenesteproduksjonen*, medan det for *IKT-tenesteutviklinga* vert levert bidrag til det ansvar som er plassert hos helseføretaka og øvrige kundar.

Fokus for IKT-produksjon er stabil drift, kosteffektivitet og kundetilfredsheit. 2013 har vore eit år med god utvikling for kundetenestene og god driftsstabilitet. Helse Vest RHF gjennomførte i 2013 investeringar innanfor IKT-området for 191 mill. kr. Prosjekta har gjennomgåande vorte levert innanfor avtalt tid, kost og kvalitet. Ingen prosjekt har komme ut av kontroll.

Helse Vest IKT er organisert i 4 avdelingar. Det er nedanfor gitt eit kort orientering om resultat for kvar avdeling.

Avdeling IKT-fagsenter

Avdeling IKT-fagsenter har ansvaret for 1. linje og 2. linje kundestøtte samt tilgangsbehandling. 3. linje kundestøtte vert utført av dei andre avdelingane, særleg Tenesteproduksjon og Tenesteutvikling. Avdeling IKT-fagsenter har 4 seksjonar; *Kundesenter, Plattformstøtte, Applikasjonsstøtte og Tilgangsbehandling*.

Seksjon *Kundesenter* er 1.linje brukarstøtte. Seksjonen har ansvaret for all handtering av brukarhjelp via telefon, e-post og webskjema. I 2013 tok Kundesenteret imot 108.137 telefonsamtalar. Av desse vart 99.925 svara på. I tillegg handterte seksjonen 32.055 e-postar og 51.042 web-meldingar som kunde registrerte direkte inn i sakshandsamingssystemet. I tenesteavtalen med helseføretaka er det avtalt at Kundesenteret skal svare minst 80% av telefonane innan 1 minutt (servicegrad). For 2013 samla sett, blei 84 % av alle innkomande telefonsamtalar svara på innan 1 minutt og gjennomsnittleg svartid for året vart 34 sekundar.

Seksjon *Plattformstøtte* arbeider tett saman med seksjon Kundesenteret, og fungerer som ei 2. linje for dei. Arbeidet består av meir tidkrevjande og kompliserte saker som ikkje lar seg løysa direkte via telefon og/eller e-post. Hovudoppgåvene er feilretting på sluttbrukarutstyr, til dømes PCar og skrivarar, og brukarstøtte på Microsoft sine operativsystem og programvarer.

I seksjonen finn ein også Overvakingssenteret som har til oppgåve å oppdage og varsle om feil på tenestene før brukarane oppdagar dei.

På same måte som Plattformstøtte, fungerer også seksjon *Applikasjonsstøtte* som ein 6. linje brukarstøtte. Hovudkompetansen her er på dei store kliniske og administrative systema. Seksjonen bidrar også inn i fleire pågåande prosjekt.

Seksjon *Tilgangsbehandling* har ansvar for opning, endring og lukking av tilgangar til PC-ar, e-post og alle applikasjonar som vert brukt i Helse Vest. I tillegg kjem resetting av passord i dei same systema. Parallelt med seksjonen sine manuelle oppgåver blir fleire og fleire saker handtert automatisk/halvautomatisk i tilgangsportalen *Samlepunktet*.

Avdeling Tenesteproduksjon

Avdeling har ansvaret for drift og forvaltning av all IKT-relatert infrastruktur i Helse Vest. Tenesteproduksjon er organisert i 5 seksjonar; *Applikasjonsdrift, Server og lagring, Kommunikasjon, Plattform, og Leveranse*.

Seksjon *Applikasjonsdrift* har fokusert mykje på organisering og arbeidsprosessar. Når det oppstår feilsituasjonar går det raskt å få oppretta løysingsteam og vi erfarer at løysingstida for dei omfattande episodane går ned.

Seksjon *Server og lagring* har gjennom 2013 sett effekten av at Helse Vest IKT har satsa på ein dynamisk og skalerbar infrastruktur. Måten vi har sett opp infrastrukturen på har også bidrege til å gjere løysingane meir robuste og heve kvaliteten på tenestene som vert levert.

Seksjon *Kommunikasjon* tatt i bruk eit logganalyse verktøyet. Det har gitt stor nytte i feilsøking og i sikkerheitsarbeid. Det er også arbeidd vidare med ny sikkerheitsløysing for nettverk som er i pilot på ca. 1.500 punkt i nettverket.

Seksjon *Plattform* har fått ca. 93 % av PCane over på neste generasjon PC oppsett basert på Windows 7. Erfaringane viser at den nye plattformen er meir stabil og gir færre feilsituasjonar. Dermed vert det og færre telefonar til Kundesenteret om slike problem.

Seksjon *Leveranse* har ansvar for innkjøp og logistikk av IKT-utstyr. Seksjonen arbeider tett med seksjon Plattform ved planlegging av årshjulet for utskifting av utstyr. Dette felles planleggingsarbeidet har gitt god effekt ved at vi klarer å fordele arbeidet og utnytte ressursane på ein god måte.

Avdeling Tenesteutvikling

Avdeling *Tenesteutvikling* har ansvar for forvaltninga av IKT-løysingane i Helse Vest. Avdelinga er organisert i 4 seksjonar; *EPJ-løysingar, Kliniske og administrative løysingar, Styrings- og kvalitetsdata og Regionalt systemansvarlege*.

Seksjon *Kliniske og administrative løysingar* har i løpet av 2013 gjort ein vesentleg rydding i forvaltning av små og mellomstore system. Det er etablert ei eiga gruppering som har ansvar for denne gruppa av system. Nye rutinar for bestilling, innføring og forvaltning av desse systema har tydeleggjort brukarstøtte-prosessen, betra dokumentasjonen og sikra ein vesentleg meir effektiv og standardisert innføring, samt utfasing av slike systemløysingar.

Innanfor seksjon *EPJ-løysing*, har særleg forvaltning av EPJ-området vore krevjande og ressursintensivt. Gjennom 2013 har vi styrka avdelinga med integrasjonskompetanse og generell DIPS-kapasitet for i stort å bidra til å levere på føretaksgruppa sitt aukande behov for nye og meir robuste integrasjonar mellom ulike system. Vidare har seksjonen bidrege



Årsberetning

til vellukka oppgraderingar av DIPS for alle helseføretaka, i godt samarbeid med dei lokale EPJ-fagsentra i helseføretaka. Dette har lagt eit godt grunnlag for konsolidering av DIPS-databasane gjennom 2014 og fyrste kvartal av 2015.

Seksjon for *Styrings- og kvalitetsdata* har levert vesentlege bidrag til analysefunksjonen i Helse Vest innanfor både aktivitetsdata, innkjøp, Alle møter, HR-området, samt bidrege til å forenkle og utvikle ei rekke leiarrapportar til styringsportalen. Det er også starta opp eit omfattande arbeid med oppgradering av styringsportalen til Sharepoint 2013. Sharepoint-teamet har bidrege med utrulling av ny intranettløyising og gamle løysingar er utfasa. Arbeidet med kvalitetsregister er godt forankra i det regionale fagsenteret og på slutten av året fekk Helse Vest IKT i oppdrag med å leie eit nytt fagforum i regi av Nasjonal IKT. Forumet skal bidra med rådgjeving, etablering og kvalitetssikring av tekniske løysingar for nasjonale medisinske kvalitetsregistre.

Seksjon *Regionale systemansvarlege* har tilsette som arbeider for dei regionale systemeigarane i Helse Vest.

Gjennom dette året har vi også fått til ei betre organisering av team rundt ulike systemgrupper. Meir tydeleg organisering av tverrfunksjonelle team på tvers av avdelingane har bidrege til raskare responstid på sakshandsaming og betra gjennomføring av endringar på tenestene i leverer. Teamorganisering har også gitt oss den fordel at vi har blitt mindre sårbare på individnivå, noko som gradvis har blitt betra sidan omorganiseringa av heile organisasjonen i 2011.

Avdeling Verksemdsutvikling

Avdeling *Verksemdutvikling* skal bidra til betre og meir innovativ bruk av IKT i helseføretaka. Avdelinga er organisert i 3 seksjonar; *Innovasjon og arkitektur*, *Integrasjon og løysingsutvikling* og *Prosjektleiing*.

Seksjon *Prosjektleiing* har levert program-/prosjektleiing, og testleiing til dei fleste prosjekta i Helse Vest si prosjektportefølje, samt delteke aktivt i fleire nasjonale satsingar og prosjekt. Avdelinga har medverka til å auke fokus på test og kvalitet i både prosjekt- og forvaltningsarbeid.

Seksjon *Innovasjon og arkitektur* har vore ein drivande kraft for arbeidet med verksemdsarkitektur for å oppnå Helse Vest sine strategiske målsettingar på ein effektiv måte. Arkitekturpraksis for Helse Vest vart vedteken i desember 2013, og som ein del av dette vart Regionalt Arkitekturkontor oppretta frå 01.01.2014. Kontoret er bemanna med ressursar frå heile føretaksgruppa, men både leiar og størstedelen av kapasiteten kjem frå Helse Vest IKT. Arkitekturkontoret vil etablere ein målarkitektur som vil gi eit betre grunnlag for å identifisere og velje dei rette tiltaka og styre program og prosjekt i ein felles retning.

På innovasjonssida er det gitt vesentlege bidrag til arbeidet i det regionale innovasjonsnettverket, der arbeidet mellom anna har resultert i vedtak om ein regional, generisk innovasjonsprosess. Denne vil bli vidareforedla i 2014.

Seksjon *Integrasjon og løysingsutvikling* har levert integrasjonar mellom ulike fagsystem. Integrasjonsområdet er komplekst og involverer mange aktørar - internt i føretaksgruppa, eksterne leverandørar og andre bidragsytarar i helsesektoren. For å møte denne utfordringa er det etablert eit integrasjonscenter som gjennom effektive prosesser i større grad utnyttar kapasiteten og kompetansen på integrasjonsområdet. I 2013 blei det levert om lag 50 % fleire integrasjonar enn føregåande år.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2013 var eit underskot på 4,9 mill. kr. Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2013 visar eit overskot på 21,4 mill. kr.

Dei totale inntektene var 680,9 mill. kr. Av desse var 611,2 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 16,7 mill. kr sal av IKT-utstyr, 23,2 mill. kr sal av tenester til eksterne kundar og 29,9 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til styringsgruppa for Nasjonal IKT).

Totale driftskostnader var 677,8 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 15,0 mill. kr, personalkostnader 188,4 mill. kr, avskrivningar 142,8 mill. kr og andre driftskostnader 331,6 mill. kr (inkludert kostnader for Nasjonal IKT med same beløp som på inntektsida). Med netto finanskostnader på 7,9 mill. kr gjev dette årsresultatet på minus 4,9 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2013 var 873,9 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 80,2 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 172,7 mill. kr og utgjorde dermed 19,8 %.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 74,9 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt, men endringa er mindre enn føregåande år. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom egne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2013.

Om miljø

Sjuefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2013 på 5,0 %, mot 5,9 % i 2012, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær. Selskapet har hatt ei positiv utvikling i sjukefråværet.

Helse Vest IKT er ein relativt ny organisasjon samansett av ulike IT-avdelingar med ulik bakgrunn, kultur og identitet. Organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.



Årsberetning

Ytre miljø

Helse Vest IKT si verksemd ureinar ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av video- og telefonmøter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet har i 2013 starta arbeidet med sertifisering etter ISO 14001.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2013 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1.000.000 fordelt på 2.000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Likestilling

43 % av dei eigarvalde styrerepresentantane er kvinner, samla sett har styret 55 % kvinner. 22 % av leiinga (inkl. stabsleiarar) var i 2013 kvinner, 25 % av avdelingsleiarane var i 2013 kvinner, 27 % av seksjonsleiarane var i 2013 kvinner.

Helse Vest IKT tilset den best kvalifiserte søkjaren til stillingar uavhengig av kjønn. Selskapet vurderer det som viktig å ha bredde i arbeidsstyrken og vil føretrekke kvinner i stillingar innanfor mannsdominerte seksjonar og menn innanfor kvinnedominerte seksjonar, når andre kvalifikasjonar elles er like.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2013 var eit underskot på kr 4.866.851. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at underskotet vert ført mot annan eigenkapital.

Utsikter framover

Helse Vest IKT har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å *bidra til forenkling av pasienthandsaminga*, vil selskapet gje bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtalen* med våre kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til prosjekt i tråd med *porteføljen* som er vedteken i Helse Vest.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

Stavanger, 20. mars 2014




Herlof Nilssen
Styreleiar



Stener Kvinnsland
Styremedlem




Anne Kristine Kleiven
Styremedlem




Svend B. Jacobsen
Styremedlem




Kari Ugland
Styremedlem




Bård Lilleeng
Styremedlem



Ingunn B. Armstrong
Styremedlem



Agnete Sjøtun
Styremedlem



Eivind Gjemdal
Styremedlem



Mette Kamsvåg
Styremedlem



Bodil Lekve
Styremedlem



Erik M. Hansen
Administrerende direktør

Resultatrekneskap 2013

Alle tal i 1000 NOK

	Note	2013	2012
Basisramme	2	3 719	3 600
Annan driftsinntekt	2	677 209	606 443
Sum driftsinntekter		680 928	610 043
Varekostnad		15 025	12 250
Lønn og andre personalkostnader	3	188 366	156 139
Ordinære avskrivningar	6	142 826	126 356
Andre driftskostnader	4	331 633	298 060
Sum driftskostnader		677 850	592 806
Resultat frå drifta		3 078	17 237
Finansinntekter	5	2 551	1 663
Finanskostnader	5	10 495	11 047
Netto finansposter		-7 945	-9 383
Resultat før ekstraordinære poster		-4 867	7 854
Resultat i perioden		-4 867	7 854
Overført annan eigenkapital	10	-4 867	7 854
Sum overføringer		-4 867	7 854

Balanserekneskap 2013

Alle tal i 1000 NOK

EIGEDLER	Note	2013	2012
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Programvarelisensar	6	362 788	384 765
Prosjekt under utvikling	6	103 056	98 395
Sum immaterielle egedelar		465 844	483 161
Varige driftsmidler			
IKT-utstyr, inventar transp.m. o.l	6	183 749	130 231
Anlegg under utføring	6	51 053	38 909
Varige driftsmidler		234 802	169 140
Finansielle anleggsmidler		1 318	1 054
Andre finansielle anleggsmidler		1 318	1 054
Sum anleggsmidler		701 963	653 355
Omlaupsmidler			
Varer	7	6 454	9 315
Krav	8	90 539	97 741
Bankinnskot, kontantar og liknande	9	74 924	35 935
Sum omlaupsmidler		171 917	142 991
SUM EIGEDLAR		873 880	796 346

Alle tal i 1000 NOK

Balanserekneskap 2013

EIGENKAPITAL OG GJELD

	Note	2013	2012
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	10	1 000	1 000
Annan innskoten eigenkapital	10	150 319	150 319
Sum innskoten eigenkapital		151 319	151 319
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	10	21 412	26 279
Sum opptent eigenkapital		21 412	26 279
Sum eigenkapital		172 731	177 597
Gjeld			
Avsetjinger for forpliktingar			
Pensjonsforplikting	11	37 430	32 760
Sum avsetjinger for forpliktingar		37 430	32 760
Annan langsiktig gjeld			
Langs. gjeld til føretak i samme konsern	12	559 010	498 019
Sum langsiktig gjeld		559 010	498 019
Sum gjeld			
Skuldige offentlege avgiftar		14 197	12 295
Anna kortsiktig gjeld	13	90 513	75 675
Sum kortsiktig gjeld		104 710	87 970
Sum gjeld		701 149	618 749
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		873 880	796 346

Stavanger, 20. Mars 2014

		
Herlof Nilssen Styreleiar	Kari Ugland Styremedlem	Eivind Gjerdal Styremedlem
		
Stener Kvinnsland Styremedlem	Bård Lilleeng Styremedlem	Mette Kamsvåg Styremedlem
		
Anne Kristine Kleiven Styremedlem	Ingunn Armstrong Styremedlem	Bodil Lekve Styremedlem
		
Svend B. Jacobsen Styremedlem	Agnete Sjøtun Styremedlem	Erik M. Hansen Administrerende direktør

Kontantstrømoppstilling 2013

Alle tal i 1000 NOK

	2013	2012
Kontantstrømmer frå operasjonelle aktivitetar:		
Årsresultat	-4 867	7 854
Ordinære avskrivningar	142 826	126 356
Endring i omlaupsmidlar	10 063	-15 097
Endring i kortsiktig gjeld	16 740	-6 751
Skilnad kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar	4 670	3 869
Investeringsstilskott ført til inntekt	0	0
Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	169 432	116 232
Kontantstrøm frå investeringsaktiviteter:		
Innbetaling ved sal av varige driftsmidlar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-191 170	-187 900
Inn-/utbetalingar ved sal/kjøp av fin.anl.m	-264	-227
Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	-191 434	-188 127
Kontantstrømmar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	50 000	60 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Innbetaling av investeringstilskot	13 300	
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	60 991	57 691
Netto endring i likviditet	38 989	-14 204
Likvide midlar 01.01	35 935	50 140
Likvide midlar 31.12	74 924	35 935

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Etablering av føretaket

Helse Vest IKT AS vart stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tid vart anleggsmiddel og forpliktingar overført til selskapet som tingsinnskot.

Verdsetjing

Som følgje av at helseføretaka er non-profit-verksemder der eigar har stilt krav om resultatmessig balanse i drifta, men ikkje krav til avkastning på innskoten kapital, representerer bruksverdi verkelig verdi for anleggsmidla.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivningar.

Korrigert resultat

Resultatet var i 2007 korrigert med verknaden av innskjerpa økonomiske føresetnader på pensjon som først fekk konsekvens for rekneskapan i 2006 og 2007. For 2008 var deler av den auka pensjonskostnaden kompensert. Resultatet for 2008 var korrigert for auka pensjonskostnad utover det som var kompensert frå staten.

For 2010 var resultatkravet korrigert med om lag halve verknaden av planendinga som følgje av innføring av delar av pensjonsreforma. Resten av verknaden blei justert ved at inntektsrama til føretaket blei redusert. I 2011 og 2012 er det ingen justering av resultatet frå departementet si side.

Generelt om rekneskapan

Rekneskapan for 2013 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998 og god rekneskapskikk. Rekneskapan for året består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og note-opplysingar. Rekneskapan er bygd på grunnleggjande prinsipp for rekneskap i samsvar med god norsk rekneskapskikk; transaksjonsprinsippet, oppteningsprinsippet, samanstillings-prinsippet, varsemndprinsippet, kongruensprinsippet, sikring, beste estimat, konsistent bruk av prinsipp og føresetnad om vidare drift. Ved utarbeidinga av rekneskapan må leiinga byggje på føresetnader og estimat som vil påverke rekneskapsførte verdiar av eigedelar, gjeld, inntekter og kostnader, samt noteopplysingar vedkommande forpliktingar med vilkår. Faktiske tal kan avvike frå dei opphavlege estimata.

Konsolidering

Helseføretaket går inn i konsernrekneskapan til Helse Vest RHF og utarbeider ikkje eige konsern-rekneskap.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter innkjøpstidspunktet, samt poster som knyter seg til varekrinsløpet. Andre postar er klassifiserte

som anleggsmidlar/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Anleggsmiddel blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigående. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Pengepostar i utanlandsk valuta er rekna om til norske kroner per 31.12 i rekneskapsåret.

Prinsipp for inntektsføring

Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Sal av tenester til helseføretaka og til eksterne kundar, sal av IKT-utstyr

Sal av varer vert inntektsført ved levering. Tenester vert inntektsført når dei er utførte.

Øyremerka tilskot

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i den perioden kostnadene med aktiviteten blir rekneskapsførte. Gjeld tilskotet investeringar blir inntektene førte i same perioden som avskrivningane på dei aktuelle investeringane.

Immaterielle eigedelar

Immaterielle eigedelar som ein ventar vil gi framtidige inntekter/bruksverdi for føretaket, er aktiverte.

Kjøpte immaterielle eigedelar, som til dømes lisensar for programvare blir aktivert og avskrivne over økonomiske levetid.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir oppførte i balansen til historisk innkjøpskost trekte frå akkumulerte lineære avskrivningar. Eit driftsmiddel blir sett som varig om det har ei økonomisk levetid på over tre år, og ein kostpris på over kr 100 000.

Påkostingar eller betringar blir lagde til driftsmiddelets kostpris og avskrivne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som de kjem på. Renter som relaterer seg til anlegg under oppføring blir aktiverte som ein del av kostprisen.

Ved sal og utrangering av anleggsmiddel blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Notar

Note 1 Rekneskapsprinsipp fortsetjing

Avskrivningar

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmiddelet med utgangspunkt i historisk kostpris. Tilsvarande prinsipp blir lagt til grunn for immaterielle eigedelar. Avskrivningane er klassifiserte som driftskostnader.

Nedskrivning

Nedskrivningar av varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar blir vurderte når det ligg føre indikasjonar på verdifall for eigedelane. Dersom attkjøpsverdien er lågare enn balanseført verdi, blir balanseført verdi skriven ned til attkjøpsverdien. Verdien er det høgaste av netto salsverdi og bruksverdi (kostnad til tilsvarande nykjøp etter slit og elde og faktisk bruk). Nedskrivninga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Eigenkapitalinnskott i KLP

For eigenkapitalinnskottet i KLP skal kostprinsippet nyttast. Det vil seie at det normalt berre er inn og utbetalingar som skal påverke storleiken på innskottet.

Varelager og varekostnad

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO- prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskrivning for pårekeleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetting til venta tap. Avsetting til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava.

Pensjoner

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameteren som er nytta går fram av note om pensjonar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlar og føresetnadar frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang, osb. Pensjonsmidlar er vurderte til verkeleg verdi og trekte frå i netto pensjonsforpliktingar i balansen.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar, blir resultatført på endringstidspunktet. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar og avvik frå føresetnadene for utrekningane (estimatendringar) er fordelte over estimert gjennomsnittleg attverande oppteningstid om avvika ved starten på året er over 10 prosent av det største av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar. Pensjonsordningar som viser netto forplikting, er førte opp i rekneskapen som gjeld, mens pensjonsordningar som viser netto midler, er førte opp i balansen som eigedel. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Netto pensjonskostnad (brutto pensjonskostnad trekt frå estimert avkastning på pensjonsmidlar) blir klassifisert som ordinær driftskostnad, og er presentert saman med lønn og andre ytingar.

Arbeidstakardelen av pensjonspremien er trekt frå i lønnskostnadene.

Pensjonsordninga tilfredsstiller krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjer, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Skatt

Helse Vest IKT AS er friteke for skatt av di ein leverer varer og tenester til kostpris utan fortjeneste.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tar utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidligare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Notar

Note 2 Fordeling av inntekt

	2013	2012
Tenestosal helseføretaka	611 221	549 460
IKT-utstyr	16 668	13 024
Tenestosal eksterne	23 154	23 177
Anna *)	29 885	24 382
Sum	680 928	610 043

*) I posten Anna inngår hovudsakleg inntekter frå Nasjonal IKT. Tilsvarende kostnader til Nasjonal IKT er teke med under Andre driftskostnader i Note 4.

Note 3 Lønn og andre personalkostnader

	2013	2012
Lønnskostnader Helse Vest IKT AS		
Lønnskostnader	150 706	130 284
Arbeidsgjevaravgift	21 104	18 264
Pensjonskostnader	26 224	23 418
Andre ytingar	7 978	7 201
- Balanseførte lønnskostnader egne tilsette	-17 646	-23 028
Sum lønn og personalkostnader	188 366	156 139

Lønn og annan godgjersle til administrerende direktør

Lønn	1 308	1 249
Pensjonskostnader	181	184
Andre ytingar	32	27
Sum lønn administrerende direktør	1 521	1 460

Styregodtgjersle	160	160
-------------------------	------------	------------

Godgjersle til revisor

Revisjon etter lova	238	253
Andre tenester utanfor revisjon	13	12
Sum honorarer til revisor	251	265

Honorar til revisor i høve til inngått avtale	238	238
---	-----	-----

Alle tal inkludert mva

Antall tilsette og årsverk

Gjennomsnittleg antall tilsette i rekneskapsåret	320	288
Tal på årsverk pr 31.12	308	282

Administrerende direktør har 6 månaders oppseiingstid. Det er ikkje gitt lån eller stilt tryggleik til administrerende direktør, styremedlem eller andre leiande tilsette. Administrerende direktør har ikkje avtale om bonus eller etterlønn.

Notar

Erklæring om fastsetjing av lønn og godtgjersle

Helse Vest IKT definerer personer i stillingane administrerande direktør, avdelingsleiar, økonomisjef og administrasjonssjef som leiande personell.

Helse Vest IKT følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap (fastsett av Regjeringa Stoltenberg II 31.3.2011) kor hovudprinsippet er at

Leiarlønn i føretaka skal være konkurransedyktig, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande selskap/føretak. Føretaket skal bidra til moderasjon i leiarlønningane.

Utgreiing leiarlønnspolitikken i 2013

Lønn og godtgjersle til administrerande direktør er behandla og fastsett av styret i styresak 78/2013 12.12.2013. Lønn og godtgjersle for anna leiande tilsette er fastsett administrativt.

Lønn og anna godtgjersle til leiande personell

Namn	Tittel	Lønn	Pensjonskostnad	Anna godtgjersle	Sum	Tenesteperiode 1)	Tilsettingsperiode 2)	Ytingar frå andre føretak i føretaksgruppa	
								Styre-honorar	Pensjon og anna godtgjersle
Andersen, Ørjan	Avdelingsleder	926 130	178 894	7 579	1 112 603	01-12	01-12		
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleder	836 961	110 821	8 757	956 539	01-12	01-12		
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleder	858 292	228 913	14 194	1 101 399	01-12	01-12		
Flaten, Harald	Avdelingsleder	913 785	124 433	72 409	1 110 627	01-12	01-12		
Hansen, Erik M	Adm. dir.	1 307 658	181 197	32 218	1 521 073	01-12	01-12		
Håland, Åge	Administrasjonssjef	685 028	36 566	9 065	730 659	01-12	01-12		
Nordenson, Per	Økonomisjef	456 677	110 828	1 601	569 106	01-06	01-06		
Nordland, Leif	Økonomisjef	586 821	178 327	8 865	774 013	04-12	04-12		

1) Tenestetid/-periode angir perioden i regnskapsåret vedkommande har vore deltakar i føretaket si leiargruppe.

2) Tilsettingsperiode er perioden vedkommande har vore tilsett i føretaket og eventuelt andre føretak i føretaksgruppa.

Avtalt årslønn til medlem i leiargruppa blei i 2013 justert slik:

Namn	Tittel	Gammal lønn	Ny lønn	Auke i prosent
Andersen, Ørjan	Avdelingsleiar	875 000	910 000	4,00 %
Eldøy, Fredrik	Avdelingsleiar	800 000	830 000	3,80 %
Fagerli, Gjertrud	Avdelingsleiar	830 000	850 000	2,40 %
Flaten, Harald	Avdelingsleiar	815 000	850 000	4,30 %
Hansen, Erik M.	Adm.dir.	1 248 000	1 291 700	3,50 %
Håland, Åge	Adminitrasjonssjef	660 000	680 000	3,00 %

Notar

Note 4 Andre driftskostnader

	2013	2012
Bygninger og kontorlokaler, energi og brensel	18 432	14 859
Kjøp og leige av utstyr, maskiner og liknande	6 500	5 991
Reparasjon, vedlikehold og service	2 782	2 114
Konsulenttenester	84 189	63 504
Anna ekstern teneste	8 735	7 160
Kontor- og kommunikasjonskostnader	37 321	38 713
Kostnader i samband med transportmidlar	39	202
Reisekostnader	7 080	6 426
Forsikringskastnader	124	26
Andre driftskostnader	166 430	159 066
Sum andre driftskostnader	331 633	298 060

Note 5 Finansposter

	2013	2012
Interne renteinntekter i føretaksgruppa	893	0
Andre renteinntekter	1 608	1 591
Andre finansinntekter	49	73
Sum finansinntekter	2 551	1 663
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	9 318	10 935
Andre rentekostnader	990	63
Andre finanskostnader	188	48
Sum finanskostnader	10 495	11 047

Note 6 Immaterielle egedelar og varige driftsmidlar

Immaterielle egedelar:	FOU	EDB programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		812 656	98 395	911 052
Tilgang i året		49 510	4 661	54 170
Tilgang verksemdoverføring				
Avgang i året		-108 503		-108 503
Frå prosjekt under utvikling				
Kostpris 31.12	0	753 663	103 056	856 719
Akk. avskrivningar 31.12		390 875		390 875
Akk. nedskrivningar 31.12				
Balanseført verdi 31.12	0	362 788	103 056	465 844
Ordinære avskrivningar i året		71 487		71 487
Nedskrivningar i året				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		lineær		

Notar

Note 6 fortsetjing

	Tomter og bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk-teknisk utstyr	Transportmiddel, inv.og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			38 909		451 196	490 105
Tilgang i året			12 143		124 857	137 000
Tilgang verksemdoverføring						
Avgang i året					-189 050	-189 050
Frå anlegg til utføring						
Kostpris 31.12	0	0	51 053	0	387 002	438 055
Akk. avskrivningar 31.12					203 253	203 253
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balansført verdi 31.12	0	0	51 053	0	183 749	234 802
Ordinære avskrivningar					71 339	71 339
Nedskrivningar i året						
Leigeavtalar		15 131			291	
Levetider					3 - 5 år	
Avskrivningsplan					Linær	

Note 7 Varelager

	2013	2012
Varer for videresalg		
Ferdigvarer	6 454	9 315
Sum varelager	6 454	9 315

Note 8 Andre kortsiktige krav

	2013	2012
Kundekrav ¹⁾	-12 852	1 399
Krav på føretak i føretaksgruppa	83 562	83 330
Oppsamla inntekter	296	0
Andre kortsiktige krav	19 012	13 012
Sum krav	90 539	97 741
Kundekrav har følgjande fordeling på forfall		
Krav som ikkje er forfalt	-12 852	1 004
Forfalte krav 1-30 dagar	-388	111
Forfalte krav 31-60 dagar	85	0
Kundekrav pålydande per 31.12	-13 155	1 115

1) Kundekrav inneheld kreditnotaer utstedt for refusjon inngåande merverdiavgift for føretak utanfor felles merverdiregistrering i Helse Vest for åra 2009-2012.

Krav på andre føretak Helse Vest er ikkje med i desse tala

Notar

Note 9 Kontantar og bankinnskott

	2013	2012
Skattetrekksmidler	7 177	6 166
Sum bundne bankinnskott	7 177	6 166
Bankinnskott og kontantar som ikkje er bunde	67 747	27 770
Sum kontantar og bankinnskott	74 924	35 935

Helse Vest har konsernkontoordning.

Note 10 Eigenkapital

	Aksje- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2012	1 000	150 319	26 279	177 598
Eigenkapital 01.01.2013	1 000	150 319	26 279	177 589
Resultat dette året			-4 867	- 4 867
Eigenkapital 31.12.2013	1 000	150 319	21 412	172 731

Føretakskapitalen på kr 1 000 000 er fordelt på 2 000 aksjer, kvar lydande på kr 500.
Helse Vest IKT AS er 100% eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar

	2013	2012	2002–2013
Resultat i høve til årsrekneskapen	- 4 867	7 854	20 070
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	-4 867	7 854	20 070
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkrava			1373
Resultat jf- økonomiske krav	-4 867	7 854	21 443
Resultatkrav	1 000	1 000	7 314
Avvik frå resultatkrav	-5 867	6 854	14 129

Notar

Note 11 Pensjonsforpliktning

	2013	2012
Oppsamla pensjonsforpliktning	-175 854	-134 097
Pensjonsmidlar	106 793	94 024
Netto pensjonsforpliktning	-68 791	-40 073
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforpliktelsar	-9 541	-5 558
Ikkje resultatført virkning av estimatavvik	40 902	12 872
Netto bokførte pensjonsforpliktingar inkl. AGA	-37 430	-32 759

Spesifikasjon av pensjonskostnaden	2013	2012
Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	19 888	18 039
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	6 215	5 194
Brutto pensjonskostnad	26 103	23 232
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-4 097	-3 467
Administrasjonskostnader	962	806
Estimatavvik	-21	480
Pensjonskostnad eks AGA	22 947	21 051
Arbeidsgjevaravgift	3 186	2 787
Resultatført planendring	0	0
Netto pensjonskostnad inkl. AGA	26 133	23 838
Andre pensjonskostnader*	71	58

* Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarberekna, servicepensjonar og sikringsordning.

Økonomiske føresetnader	2013	2012
Diskonteringsrente	4,00 %	4,05 %
Venta fortjeneste på pensjonmidlar	4,40 %	4,00 %
Årleg vekst i lønn	3,75 %	3,50 %
Årleg pensjonsregulering	2,72 %	2,48 %
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,50 %	3,25 %

Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	322	285
Talet på oppsatte personar med i ordninga	204	178
Talet på pensjonistar med i ordninga	21	20

Pensjonskostnadene for 2013 er bygd på føresetnadene som blei lagt til grunn for netto midlar/forpliktingar 2012 etter rettleiing frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for vurderingar gjort i samråd mellom helseregionane og som er vurdert å vere rimelege føresetnader per 01.01.13. Det er teke omsyn til endringar i rettleiinga gitt ved årsskiftet 2012/2013 i samband med berekning av pensjonsforpliktning 31.12.13.

Pensjonsordninga tilfredsstillar krava i Lov om obligatorisk tenestepensjon.

Notar

Note 12 Anna langsiktig gjeld

	2013	2012
Gjeld til føretak i same konsern	559 010	498 019
Sum anna langiktig gjeld	559 010	498 019
Av dette langsiktig gjeld som forfell seinare enn 5 år	547 465	486 474

Note 13 Anna kortsiktig gjeld

	2013	2012
Leverandørgjeld	26 959	14 604
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	19 833	9 407
Opptente feriepengar	19 709	17 531
Opptent, ikkje utbetalt løn	2 508	1 348
Anna kortsiktig gjeld	21 503	32 785
Sum kortsiktig gjeld	90 512	75 675

Note 14 Mellomværende med føretak i same konsern

Føretak	Kortsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	18 524	-16 962	-559 010
Apoteka Vest HF	-6 007	-7	0
Helse Bergen HF	35 274	-2 046	0
Helse Stavanger HF	18 418	-479	0
Helse Fonna HF	9 894	-91	0
Helse Førde HF	7 456	-248	0
Sum	83 559	-19 833	-559 010



Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Vassbotnen 11a Forus, NO-4313 Sandnes
Postboks 8015, NO-4068 Stavanger

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: + 47 51 70 66 00
Fax: + 47 51 70 66 01
www.ey.no
Medlemmer av den norske revisorforening

Til generalforsamlinga i Helse Vest IKT AS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Helse Vest IKT AS, som er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap og kontantstrømpstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og administrerande direktør sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og administrerande direktør er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret administrerande direktør finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Helse Vest IKT per 31. desember 2013 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om dekking av tap er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at styret og administrerande direktør har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Stavanger, 20. mars 2014
ERNST & YOUNG AS



Tommy Lothe
statsautorisert revisor